

Samarbeidsrådet for Naturvernensaker (SRN)
Den Norske Turistforening
Norges Naturvernforbund
Norges Jeger- og Fiskerforbund
WWF-Norge
Boks 7 Sentrum, 0101 OSLO

NVE
Boks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.:
15/06-JON

Dykker ref.:

Dato:
10.07.06

Saksbehandlar: Jan Olav Nybo, tlf.: 22 82 28 83,
e-post: jan.olav.nybo@turistforeningen.no

420 kV-kraftlinje Skåreheia-Holen; tilleggsrapport - SRNs merknader

Vi viser til Statnetts tilleggsrapport om prosjektet datert mars 06, som er sendt på høring etter at Statnett har bedt OED om å ta opp att konsesjonsbehandlinga. Den vart lagt til side i 2001 pga. usikkerheit rundt konsesjonsgitte kraftkablar til kontinentet.

SRN er gjennom bl.a. dagspresse og internett gjort kjent med at Statnett har utarbeidd ein tilleggsrapport om den konsesjonssøkte kraftlinja, og sendt rapporten på høring med frist ultimo juni. SRN har ikkje fått denne rapporten på høring, noe vi er svært forundra og skuffa over, i og med at vi både har gitt høringssvar til søknad/konsekvensutgreiing, og var ein av dei som klaga på NVEs konsesjonsvedtak i 1999. Derfor går vi også ut frå at det er greitt at vi kjem med våre synspunkt noe etter at fristen er gått ut.

Bakgrunn

Vi viser til vårt høringssvar av 30.04.98 og uttale av 03.11.98 til tilleggssøknad, vår klage av 09.02.99 og tilleggsopplysningar av 10.03.99 til klagen. I våre dokument i 98 og 99 pekte vi på alternative måtar å løyse behovet for eit utvida og forsterka linjenett på Sørlandet. Vi foreslo bl.a. sjøkabel over Boknafjorden kombinert med opprusting av eksisterande linjenett Ulla/Førre-Stavanger-Feda, effektutviding i kraftverka på Tonstad, Solhom, Tjørhom (Sira-Kvina) og Lysebotn samt oppgradering av eksisterande 300 kV-linje Tonstad-Saurdal til 420 kV. Dette ville gitt eit nytt nord-sørnett som konsesjonssøknaden i 98 pekte på behov for.

I og med at 420 kV-linja Kristiansand-Evje er bygd, er det naturlig å ta utgangspunkt i den. SRN pekte derfor på at denne linja kan knyttast opp til 300 kV-linja Arendal-Solhom-Duge, som på sikt kan rustast opp til 420 kV. Da unngår ein bygging av ny 420 kV-linje Skåreheia-Holen. I sin gjennomgang av klagene (EK-notat 14/99) pekte NVE på at ei slik løysing berre var aktuell dersom ein samtidig gjorde forsterkingar i vestkorridoren (jfr. avsnittet over), og dette tilrådde ikkje NVE. Det er likevel SRNs råd til OED å vurdere denne løysinga på nyt, særlig sett i samband med ny kunnskap og vektlegging av villrein, inngrepstilfelle område og område som er gitt vernestatus (meir om det lenger ut i dette brevet).

I vår klage pekte vi på at den konsesjonsgitte kraftlinjetraseen var i konflikt med det foreslårte (nå vedtatte) Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Steinheii kalvingsområde, vinter og vår/sommarbeite for rein, raudlisteartar, inngrepsfrie område sone 1, verna vassdrag (Njardarheim), viktige kulturminne (både automatisk freda og nyare tids) samt viktige friluftsområde (mye brukt innfallsport i Valle til Stavskarhytta, Bossbu og vidare til Gaukhei samt Hylesdalen, som lokalt er eit mye bruk område). SRN viste også til konflikt med internasjonale konvensjonar (Bern, Rio), problemet med bit for bit-planlegging av prosjekt (overordna arealplanlegging mangler) og konflikt med RPR for verna vassdrag. I eit tilleggsdokument refererte vi frå ein rapport om villrein og kraftlinjer som dokumenterte at reinen unngår større kraftlinjer (300 og 420 kV) både sommar og vinter. SRN kravde at kabling av kraftlinja måtte konsekvensutgreiast, inkl. kabling i eksisterande vasstunnel, og at oppdaterte kostnadsoverslag vart lagt fram.

Kommentarar til Statnetts tilleggsrapport av mars 06

Rapporten inneholder skuffande lite nytt. Hovudpoenget i rapporten er at bygging av ny linje er samfunnsøkonomisk lønnsamt, men da er ikkje natur- og miljøkostnadene tatt med. Dersom linja er så lønnsam som rapporten gir inntrykk av, må det også vere mulig å velje løysingar som er meir skånsame for miljøet, men som koster noe meir. Slike synspunkt finn vi støtte for i forslag til ny lovgiving, bl.a. i innstilling om ny naturmangfaldlov (NOU 2004: 28) der det i forslag til § 12 står: *For å unngå og begrense skader på naturmiljøet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av nåværende og fremtidig bruk av miljøet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.*

Av tilleggsrapporten går det også fram at jordkabling av kraftlinjer har blitt vesentlig billigare dei seinare åra. Dette stiller SRNs krav om å greie ut kabling i eit nytt og særskilt interessant lys.

Trass i at Statnett går kort gjennom klagene på kraftlinja, går dei i liten grad inn på dei tema klagarane tar opp. Det er underlig og overraskande i og med at dei har tatt initiativet til å lage ein tilleggsrapport, og særlig når kunnskapsgrunnlag og styresmaktenes vektlegging har endra seg for fleire tema.

Tema som mangler eller er overflatisk behandla i tilleggsrapporten

Villrein

Eit omfattande prosjekt kalt ”Villrein og Samfunn (VISA)” er gjennomført etter at klagebehandlinga på kraftlinja vart stoppa. Hovudkonklusjonane frå prosjektet er presentert i *Andersen, R & Hustad, H (red.) 2004 Villrein & Samfunn. En veileding til bevaring og bruk av Europas siste villreinfjell. NINA Temahefte 27*. Dei viktigaste anbefalingane frå VISA er å opprette ni **nasjonale villreinområde**, der eitt av dei er Setesdal-Ryfylke, og to **europeiske villreinregionar**, der Setesdal-Ryfylke er ein del av region 2 (saman med Hardangervidda og Nordfjella). I rapporten blir det pekt på at ”*den kontinuerlige nedbyggingen av villreinens leveområder (fremstår) som den viktigste trusselen mot villreinen i Norge*”. Vidare framhever rapporten at ”*store arealer i høyfjellet er berørt av inngrep som reguleringsmagasiner, anleggsvaier og kraftlinjer. Disse inngrepene har beslaglagt viktige beiteområder for rein, bidratt til barrierer for reinens vandring og presset villrein og menneskelig ferdsel i fjellet sammen på mindre arealer.*” Bit for bit-nedbygging blir sett på som ei hovudutfordring.

Konklusjonane frå VISA er følgd opp i *St.meld. 21 (2004-05) Regjeringens miljøvernpoitikk og rikets miljøtilstand*, og dei nasjonale villreinområda og dei europeiske villreinregionane er i ferd med å bli etablert. Oppsummert har det blitt større fokus på arealbruk knytt til villrein, og stammen i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane har fått auka nasjonal og internasjonal status.

Områdevern etter naturvernloven

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet kombinert med Steinbuskardet-Hisdal biotopvernombordet etter viltloven vart etablert 28.04.00. Sjølv om det i forskrifter for verneområdet er opna for kraftlinje, betyr ikkje det at det er noen automatikk i dette. For øvrig vil verneformen biotopvern trulig gå ut når den nye naturmangfaldloven blir lagt fram neste år, og det betyr også ein revisjon av verneform/verneregler for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane. Det vil vere lite framsynt å etablere ei kraftlinje innafor eit verneområde, som samtidig omfatter eit viktig kalvingsområde og sommar/vinterbeite for villrein, når ny og moderne lovgiving vil legge langt større vekt på å unngå inngrep i slike område.

Inngrepsfrie område (INON)

Arealet med villmark og inngrepsfri natur blir stadig mindre, og for naturforvaltningsstyresmaktene er det eit overordna mål å stoppe reduksjonen av slike verdifulle areal. Den foreslattede kraftlinja går gjennom eit inngrepsfritt område sone 1, og dette er svært uheldig.

Biologisk mangfald/raudlisteartar

Leveområde til både villrein og raudlista fugleartar (innafor gruppene rovfugl, andefugl, ugler og spettar) blir redusert dersom kraftlinja blir realisert. FNs mål frå toppmøtet i Johannesburg i 2002 om å stanse tapet av biologisk mangfald innan 2010 er vedtatt av regjeringa og nedfelt i Soria Moria-erklæringa. Den konsesjonsgitte traseen er i direkte konflikt med dette målet.

Verna vassdrag

Kraftlinja passerer området Njardarheim, som er verna i Verneplan I for vassdrag i 1973. Vernet gjeld mot kraftutbygging, men styresmaktene legg også vekt på å unngå andre inngrep som kan redusere verneverdiane. Dette fekk eit konkret uttrykk gjennom den nye vassressursloven, som trådde i kraft 01.01.01. Her vart vassdragsvernet lovforankra, og loven har eit eige kapittel (kap 5) om verna vassdrag. Vi vil særleg vise til § 35, 2. ledd punkt 5: *Nye anlegg kan bare tillates hvis hensynet til verneverdiene i vassdraget ikke taler imot.* Etter SRNs mening er ei 420 kV-linje som går gjennom store delar av Njardarheim klart i strid med verneverdiane.

Enkelt friluftsliv

Setesdal Vesthei er eit stort og viktig område for enkelt og naturvennlig friluftsliv i ein region som elles er prega av mange og store og naturinngrep, særleg pga. kraftutbygging. Her er det viktige innfallsportar til rute- og hyttenettet som turistforeiningane har i området, og 420 kV-linja, særleg nordre del av traseen, vil klart forringe landskaps- og opplevingsverdien og områdets verdi for turgåing.

Alternative løysingar

For å søke å unngå konflikt med Europas sørligaste villreinstamme (som har nasjonal/internasjonal verdi), Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet/biotopvern, inngrepsfrie område, verna vassdrag, raudlisteartar og viktige område for friluftslivet, må Statnett bruke alle ressursar på å finne fram til alternativ som reduserer dei negative konsekvensane. Av element som Statnett må undersøke og greie ut svært grundig, vil vi trekke fram:

- ✓ Behovet for 420 kV-linje Skåreheia-Holen. Dersom det berre blir ein utanlandskabel og lite ny vind- og vasskraft langs sørlandskysten, er det kanskje samfunnsmessig best å oppgradere dagens 132 kV-linjer?
- ✓ Er det andre systemløysingar, jfr. opprusting av vestkorridoren (sjøkabel over Boknafjorden kombinert med opprusting av tilhørande linjenett frå Ulla-Førre via

Stavanger til Feda) og opprusting av 300 kV-linja Arendal-Solhom-Duge og tilknytting til 420 kV-linje Kristiansand-Evje, som er aktuelle?

- ✓ Kabling av delar av traseen, særlig i nord der konflikten med villrein/verneområde/urørt natur er størst. Nye, reduserte kostnadstal, jfr. Statnetts tilleggsrapport, gjer dette interessant. Kabling av linja der den krysser Setesdalen bør uansett vurderast sterkt, både av landskaps-, trivsels- og reiselivsmessige grunnar.
- ✓ Legging av kabel i eksisterande vasstunnel på strekningen Brokke-Holen, slik vi også pekte på i vår klage. Dersom bygging av eit nytt aggregat i Brokke utløyser behov for ein ny tunnel på strekningen, framstår dette alternativet som enda meir attraktivt og realistisk. Her er det viktig å få fram kostnadene målt mot den enorme vinsten ein vil få for spart natur.
- ✓ Sanering av eksisterande 132 kV-linjer på strekningen Skåreheia-Brokke dersom den nye linja blir bygd, og blir lagt som luftlinje. Både konflikten med fugl (linjer i ulike høgder vil dramatisk auke kollisjonsfare) og den negative landskapsmessige effekten er stor.
- ✓ Kartlegge leveområde for raudlista artar, og foreslå tiltak som reduserer konflikten

Med vennlig helsing

Jan Olav Nybo
SRN-sekretær

Kopi: Statnett
Olje- og energidepartementet
Miljøverndepartementet
Direktoratet for naturforvaltning
Fylkesmannen i Aust-Agder
Aust-Agder fylkeskommune
Kommunane Valle, Bykle, Bygland, Åmli, Froland, Birkenes